



Terje Veiteberg Askeland
Mjåtveitmarka 69
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1530 - 18/13480

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
21.06.2018

Godkjenning - GBNR 22/128 og 22/185 - Løyve til arealoverføring

Administrativt vedtak. Saknr: 139/2018

Tiltakshavar: Terje Veiteberg Askeland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Tiltakshavar har søkt om løyve til arealoverføring av om lag 100 m² frå gbnr 22/128 (bustadeigedom) til gbnr 22/185 (bustadeigedom) på Mjåtveit i Meland kommune, jf pbl § 20-1 bokstav m. Formålet med arealoverføringa er å nytte arealet til oppføring av vedskjul.

VURDERING:

Nabovarsling:

Det er ikkje trong for nabovarsling av tiltaket, jf pbl § 21-3, 2. ledd.

Plangrunnlag:

Omsøkt areal er regulert til bustadområde gjennom Regleringsplan for Mjåtveitmarka, arealplanid 125620060002. Tiltaket er ikkje i strid med planen og krev ikkje dispensasjon.

Vurdering av vilkåra for deling, jf pbl § 20-1 bokstav (m):

Arealoverføring og oppretting av ny grunneigedom søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf pbl 20-4, 1. ledd bokstav (d).

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve), og inneber heller ikkje at eigedomane blir endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at bustadparsellen blir ueigna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1.

Arealoverføringa inneber at ein mindre del av regulert privat tilkomstveg til gbnr 22/128, som i dag ligg på denne eigedomen, blir overført til gbnr 22/185. Tilkomstvegen elles går over gbnr 22/4. I samband med oppmålingsforretning og tinglysing av arealoverføringa må det tinglysast vegrett for gbnr 22/128 over dette arealet, slik at det ikkje kan oppstå tvil i framtida. Dette blir stilt som vilkår for godkjenning av søknaden.

Tilknytting til infrastruktur:

Arealoverføring som omsøkt endrar ikkje desse forholda. Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og denne blir godkjent som omsøkt, jf søknad journalført motteke 05.06.2018. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på frådelt areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om løyve til arealoverføring av om lag 100 m² frå gbnr 22/128 (bustadeigedom) til gbnr 22/185 (bustadeigedom) på Mjåtveit i Meland kommune, jf vedlagt situasjonskart journalført motteke 05.06.2018.

Det gjeld følgjande vilkår for vedtaket:

- Det blir tinglyst vegrett for gbnr 22/128 over omsøkt areal som tilkomstveg i samsvar med eksisterande situasjon.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Vedtaket inneber ikkje avgjerd av privatrettslege høve, jf pbl § 21-6.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal, blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift, og det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Mottakarar:

Terje Veiteberg Askeland
Åshild Jorunn Veiteberg

Mjåtveitmarka 69 5918
Mjåtveitmarka 67 5918

FREKHAUG
FREKHAUG